

Blankett for bidragsmottakaren

Saman med denne søknadsblanketten skal du alltid fylle ut blankett for tilleggsopplysningar (NAV 54-00.15). Første delen av denne blanketten (side 1) er ei generell orientering. Andre delen (side 2) er ei rettleiing om korleis både denne blanketten og blanketten for tilleggsopplysningar skal fyllast ut. Side 3 og 4 er utfyllingsdelen av denne blanketten. Den skal rivast frå og sendast saman med blanketten for tilleggsopplysningar til NAV-kontoret

Søknader i samband med underhaltsbidrag

der du bur. Dersom ein av partane bur i utlandet, skal blanketten sendast til NAV Internasjonalt, Postboks 8138 Dep, 0033 Oslo. Han skal likevel ikkje sendast dit dersom du er bidragsmottakar og bur i Noreg og set fram krav om bidragsforskot. Då skal du sende kravet til NAV-kontoret der du bur.

Orientering

Bidragsforskot

Barn under 18 år som ikkje bur saman med begge foreldra, kan på visse vilkår få bidragsforskot. Avtalt eller fastsett bidrag må då betalast gjennom NAV. Bidragsforskotet blir utbetalt i byrjinga av kvar måned. Det blir berre utbetalt når bidraget ikkje blir betalt i tide, eller når bidraget er lågare enn forskotet. Bidragsforskotet er behovsprøvd og kan utbetalast med 50, 75 eller 100 prosent av fullt bidragsforskot. Forskotsmottakarar med inntekt over 320 gonger fullt forskot vil ikkje ha rett til bidragsforskot (unnateke når barnet bur saman med ein mottakar som ikkje er ein av foreldra).

Du kan ha krav på bidragsforskot sjølv om det ikkje er fastsett farskap eller barnefaren er ukjend.

Fastsetjing av barnebidrag og særtilskot

Barnebidraget blir fastsett ut frå kva det kostar å forsørge barnet (underhaldskostnaden). Utgiftene blir delte mellom foreldra på bakgrunn av kor store inntekter dei har. Den bidragspliktige sin del av desse utgiftene blir i utgangspunktet bidraget.

Inntekta til ein part skal fastsetjast etter skjønn dersom

- parten ikkje legg fram den dokumentasjonen det blir spurt om, eller det er grunn til å tru at parten held tilbake informasjon som er viktig for avgjerda
- parten ikkje har nokon rimeleg grunn til å ha vesentleg lågare inntekt enn det han eller ho kan oppnå, eventuelt til ikkje å ha inntekt

Når NAV fastset bidraget, skal den bidragspliktige ha igjen ein viss minimumsdel av inntekta si til å underhalde seg sjølv og eventuelle barn i eigen husstand. Det kan føre til at bidraget blir redusert eller fell heilt bort. Den bidragspliktige skal heller ikkje betale meir enn 25 prosent av inntekta si i barnebidrag når NAV fastset bidraget.

Når den bidragspliktige betaler bidrag til fleire barn og ikkje kan betale desse fullt ut, blir reduksjonen fordelt forholdsmessig mellom barna.

Dersom barnet har eiga årsinntekt som er høgare enn 30 gonger det fullle månadlege bidragsforskotet, blir det teke omsyn til det når bidraget blir fastsett. Er inntekta høgare enn 100 gonger fullt månadleg bidragsforskot, blir barnet sett på som sjølvforsørgt. NAV kan i så fall ikkje påleggje den bidragspliktige å betale bidrag.

Dersom den bidragspliktige i gjennomsnitt har eit samvær med barnet på minst to dagar kvar måned, skal bidraget reduserast.

Dersom den bidragspliktige får offentlig stønad der barne tillegg er ein del av ytinga, eller får militært forsørgingstillegg frå Forsvaret, skal bidraget, før samværsfrådraget er trekt frå, aldri setjast til eit lågare beløp enn det barnetillegget ein får. Dersom bidragsmottakaren får ein offentlig stønad der barnetillegg er ein del av ytinga, skal bidraget, etter at samværsfrådraget er trekt frå, aldri setjast høgare enn underhaldskostnaden minus barnetillegget.

Bidraget skal fastsetjast etter skjønn dersom

- ein av partane bur i, eller arbeider i og betaler skatt til, eit anna land enn Noreg
- bidraget blir fastsett mellombels
- barnet blir forsørgt av andre eller gifter seg

Det kan setjast fram krav om bidrag til barn over 18 år som går på ein skule som blir rekna som vanleg.

Begge partar kan krevje at barnebidraget blir endra. Bidraget blir berre endra dersom det nye beløpet avvik meir enn 12 prosent frå det gjeldande beløpet.

Særtilskot er eit eingongsbeløp som kan fastsetjast til å dekkje spesielle utgifter, til dømes utgifter til tannregulering eller konfirmasjon. Utgiftene må dokumenterast.

Innkrevjing av barnebidrag

Både bidragsmottakaren og den bidragspliktige kan søkje om at fastsett eller avtalt barnebidrag blir innkravd gjennom NAV. Ein eventuell søknad om innkrevjing gjennom NAV treng ikkje sendast i tilknytning til avtalen om eller fastsetjinga av bidraget, men kan sendast når som helst seinare.

Verknadstidspunkt

Både når det gjeld fastsetjing av bidragsforskot og barnebidrag og innkrevjing av bidraget, finst det føreseger om kva tidspunkt eit vedtak skal gjelde frå. Dersom du er seint ute med å setje fram eit krav, må du derfor vere merksam på at vedtaket kan få verknad frå eit anna tidspunkt enn det du sjølv oppfattar som korrekt. Eit vedtak gjeld alltid frå den første i månaden.

Gebyr

Begge partar i ei bidragssak kan bli ilagde eit gebyr når det blir sett fram krav om fastsetjing eller endring av barnebidrag. Også i nokre tilfelle der NAV tek opp saka på eige initiativ, kan det bli fastsett gebyr. Partar som har ei personinntekt som er lågare enn 110 gonger fullt bidragsforskot, blir fritakne for gebyr etter søknad.

Betaling av bidrag som blir kravd inn gjennom NAV

Den bidragspliktige skal betale bidraget til NAV Innkrevjing. Bidragsmottakaren vil få alle utbetalningar av bidrag frå denne eininga (inkludert bidragsforskot).

Automatisk justering av bidrag

Barnebidrag som er fastsett med utgangspunkt i underhaldskostnaden, blir justert automatisk frå 1. juli det året barnet fyller 6, 11 eller 15 år. Ved justeringa blir det teke omsyn til nye satsar for underhaldskostnaden og eventuelt samværsfrådrag. Elles blir opplysningane som blei brukte i det siste ordinære vedtaket, lagde til grunn.

Rettleiing om utfylling av søknadsblanketten

Nedanfor gir vi ei orientering i tilknytning til nokre av felta i blanketten som du skal fylle ut. Sjå òg kommentarar som står i tilknytning til enkelte av felta. Dersom det er fleire bidragspliktige, må du fylle ut **éin blankett for kvar av dei**. Manglande dokumentasjon kan føre til at opplysningane ikkje blir lagde vekt på ved avgjerda.

Barn over 18 år: Dersom du er bidragsbarnet, over 18 år og fyller ut blanketten sjølv, skal du i felt 1 berre fylle ut dei tre første linjene. I felt 5 må du oppgi at det er du som er bidragsbarnet. Felt 2 skal fyllast ut med opplysningar om deg sjølv. Resten av blanketten må fyllast ut fullstendig. Dersom du søker om bidrag frå begge foreldra dine, må du fylle ut éin blankett for kvar søknad.

Felt 1

Det er viktig at alle felta som må svarast på, blir fylte ut. Dersom du og/eller barnet/barna ikkje er nordisk(e) statsborgar(ar), men har opphaldsløyve, må du leggje ved kopi av dette. I felt 5 må du oppgi når du og barnet/barna kom til Noreg.

Det siste spørsmålet i feltet gjeld om det er planar om at barnet eller du og barnet skal ha utanlandsopphald. Dersom svaret er ja, må du gi opplysningar i felt 5 om utanlandsopphaldet gjeld både deg og barnet, og kva som er årsaka til det. Vidare må du oppgi om barnet i denne perioden har eit medlemskap i folketrygda som omfattar pensjonsdekning. Retten til forskot kan falle bort ved utanlandsopphald.

Felt 2

I dette feltet skal ein gi opplysningar om kvart enkelt barn det blir søkt for. Omfattar søknaden meir enn fire barn, må du fylle ut ein blankett til. Det er då nok å fylle ut felt 2 og første linja i felt 1.

Dersom NAV ikkje allereie har dokumentasjon om tidlegare fastsetjing eller avtale om storleiken på bidraget, må slik dokumentasjon leggast fram. Administrativ fastsetjing vil seie at bidraget er fastsett av NAV (tidlegare trygde-etaten). Rettsforlik er ein avtale mellom deg og den bidragspliktige som er inngått under rettsforhandlingar og gitt att i domspapira.

Felt 3

Det er viktig at du fyller ut alle felta så langt som råd er.

Felt 4

Når du skal oppgi kva dato eit krav gjeld frå, skal du alltid oppgi den første i månaden.

Felt 4.1

Når det blir utbetalt bidragsforskot, må betaling av bidrag formidlast gjennom NAV. Du kan derfor ikkje ta imot pengar frå den bidragspliktige som kan likestillast med beta-

ling av bidrag. Det same gjeld dersom den bidragspliktige dekkjer utgifter for deg, til dømes husleige. Dersom den bidragspliktige allereie har betalt dette for den perioden du søker om bidragsforskot, må du gi opplysningar om det i felt 5 (beløp osv.). Vidare direkte betaling må avsluttast.

Felt 4.4

Bidrag etter fylte 18 år blir vanlegvis berre gitt under vidaregåande skulegang. Dersom kravet blir sett fram etter at barnet har fylt 18 år, må barnet søkje sjølv. Skulegangen må dokumenterast.

Felt 4.6

Du bør grunngi kravet i felt 5.

Felt 4.8

Dersom den bidragspliktige ikkje har betalt bidraget, kan du be om at opparbeidd gjeld blir innkravd gjennom NAV. Det er viktig at du opplyser om eventuelt bidrag som du har fått direkte frå den bidragspliktige, og spesifiserer det dersom det er mogleg. Meir informasjon om ubetalt gjeld kan du gi i felt 5.

Felt 4.9

Dersom du får bidragsforskot, skal bidraget alltid krevjast inn gjennom NAV. Du kan òg be om å få innkravd framtidig bidrag som skal betalast direkte til deg sjølv. Sjå òg kommentarane til felt 4.8.

Felt 4.11

Kva for eit barn søknaden om særtilskot gjeld, oppgir du i felt 5.

Felt 5

Dette feltet kan du bruke til å gi ulike tilleggsopplysningar. Dersom det ikkje er nok plass der, kan du gi opplysningar på eit eige ark som du legg ved søknaden. Dette bør du i så fall oppgi i felt 5.

Rettleiing om utfylling av blanketten for tilleggsopplysningar (NAV 54-00.15)

Nedanfor gir vi ei orientering om nokre av felta i blanketten som du skal fylle ut. Sjå òg kommentarar som står i tilknytning til enkelte av felta. Manglande dokumentasjon kan føre til at det ikkje blir lagt vekt på opplysningane ved avgjerda. Dersom det er sett fram søknad i fleire saker, må du fylle ut **éin blankett for kvar sak**. Når søknaden gjeld særtilskot, skal du fylle ut felta 1, 4, 5, 6, 7 og 9.

Barn over 18 år: Dersom du er bidragsbarnet, over 18 år og fyller ut blanketten sjølv, skal berre felta 1, 2, 7 og 9 fyllast ut. Dersom du søker om bidrag frå begge foreldra dine, må du fylle ut éin blankett for kvar søknad.

Felt 2

Det er viktig at du fyller ut alle felta nøyaktig. Kopi av eventuell skriftleg avtale eller offentlig avgjerd om samvær må leggast ved for det barnet / dei barna det gjeld.

Felt 3

Kor mange timar per veke barnet maksimalt kan vere i tilsynsordninga, må dokumenterast. Dersom du ikkje får stønad til barnetilsyn, må du leggje fram dokumentasjon på eventuelle tilsynsutgifter som du har for barnet/barna. Då må du òg dokumentere eventuelle tilsynsutgifter for eventuelle andre eigne barn enn bidragsbarnet/bidragsbarna. Gi nærmare opplysningar i felt 5 i søknadsblanketten.

Felt 4

Dette feltet skal du fylle ut dersom du har inntekt frå næringsverksemd. Som dokumentasjon på inntekt må siste skatteoppgjer, utskrift av likninga eller sjølvmelding

leggast fram. Varierer inntekta mykje frå år til år, kan du leggje fram dokumentasjon for fleire år.

Felt 5

Du må dokumentere lønnsinntekt ved å leggje fram lønnsliappar for dei tre siste månadene. Eventuelle kapitalinntekter må du dokumentere på same måte som kapitalutgifter (sjå felt 6).

Felt 6

Dette feltet skal du fylle ut dersom du har kapitalutgifter som kan gå til frådrag i kapitalinntekter. Som dokumentasjon på slike utgifter kan du leggje fram det siste skatteoppgjeret, utskrift av likninga eller sjølvmelding.

Felt 7

Dette feltet skal du fylle ut i dei tilfella der barnet/barna har eiga inntekt. Det er viktig at alle felta blir fylte ut.

Blankett for bidragsmottakaren

Søknader i samband med underhaltsbidrag


Gjer vel å lese orienteringa på side 1 og 2

Du må fylle ut ein blankett for kvar bidragspliktig (sjå rettleiinga).

Blankett for tilleggsopplysningar (NAV 54-00.15) må òg fyllast ut.

For NAV	Motteken dato
---------	---------------

1 Opplysningar om deg sjølv og barnet/barna

Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)		
Bustadadresse		Postnummer og poststad		
Bukommune		Telefonnummer privat	Telefonnummer arbeid	
Er du gift med ein annan enn den bidragspliktige? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Har du budd saman med den andre av foreldra til barnet ved/etter fødselen? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Skal berre svarast på dersom ein av partane bur i utlandet		Er du gift med, separert eller skild frå den bidragspliktige? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Dato for 	Faktisk samlivsbrot	Formell separasjon	Formelt skilsmisse	
Utdanning		Yrke, stilling		
Arbeidsgivar (namn og adresse). Dersom du er sjølvstendig næringsdrivande, oppgi det				
Kryss av for kva skatteklassen du blir likna etter (legg ved dokumentasjon)		<input type="checkbox"/> Skatteklasse 1	<input type="checkbox"/> Skatteklasse 2	
Skal berre svarast på dersom du søker om bidragsforskott Sjå rettleiing om dokumentasjon.	Er du gift, har du inngått partnerskap, eller har du vore sambuar i ekteskapsliknande forhold i meir enn 12 av dei siste 18 månadene? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, frå når?	Dato	
	Skal barnet/barna opphalde seg i Noreg i meir enn 12 månader <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
	Dersom barnet/barna er født/fødde i Noreg, har du opphalde deg eller skal du opphalde deg i Noreg i meir enn 12 månader? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
	Dersom barnet/barna ikkje er nordisk(e) statsborgar(ar), har barnet/barna opphaldsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, oppgi tidsrom	Frå dato	Til dato
	Dersom du ikkje er nordisk statsborgar, har du opphaldsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, oppgi tidsrom	Frå dato	Til dato
	Oppgi kor mange eigne barn i eigen husstand du forsørgjer (både barn som får bidrag, og andre barn)			Talet på barn
Er det planlagt at barnet eller du og barnet skal ha opphald i utlandet (sjå rettleiinga)? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, oppgi tidsrom	Frå dato	Til dato	

2 Opplysningar om barn som er omfatta av søknaden. Legg ved kopi av tidlegare bidragsavgjerder.

Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)		Noverande bidrag per måned	
Bidrag sist fastsett ved	Avtale <input type="checkbox"/>	Dom/rettsforlik <input type="checkbox"/>	Adm. fastsetjing <input type="checkbox"/>	Utanlandsk fastsetjing <input type="checkbox"/>	Dato for siste fastsetjing
Får du ei yting der barnetillegg for dette barnet er ein del av ytinga? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			Viss ja, frå kvar?		
Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)		Noverande bidrag pr. måned	
Bidrag sist fastsett ved	Avtale <input type="checkbox"/>	Dom/rettsforlik <input type="checkbox"/>	Adm. fastsetjing <input type="checkbox"/>	Utanlandsk fastsetjing <input type="checkbox"/>	Dato for siste fastsetjing
Får du ei yting der barnetillegg for dette barnet er ein del av ytinga? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			Viss ja, frå kvar?		
Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)		Noverande bidrag pr. måned	
Bidrag sist fastsett ved	Avtale <input type="checkbox"/>	Dom/rettsforlik <input type="checkbox"/>	Adm. fastsetjing <input type="checkbox"/>	Utanlandsk fastsetjing <input type="checkbox"/>	Dato for siste fastsetjing
Får du ei yting der barnetillegg for dette barnet er ein del av ytinga? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			Viss ja, frå kvar?		

3 Opplysningar om den bidragspliktige

Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)	Telefonnummer
Bustadadresse		Postnummer og poststad	Bukommune
Utdanning		Yrke, stilling	
Arbeidsgivar (namn og adresse). Dersom den bidragspliktige er sjølvstendig næringsdrivande, gi opp det			
Har den bidragspliktige lågare inntekt enn inntektsevna tilseier?		Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Viss ja, grunngi det i felt 5			

4 Opplysningar om søknaden

Eg søker om (kryss av)	4.1	<input type="checkbox"/> Fastsetjing av bidragsforskot	Frå dato	4.2	<input type="checkbox"/> Endring av bidragsforskot	Frå dato
	4.3	<input type="checkbox"/> Fastsetjing av underhaldsbidrag	Frå dato	4.4	<input type="checkbox"/> Fastsetjing av underhaldsbidrag ut over fylte 18 år	Frå dato Til dato
	4.5	<input type="checkbox"/> Fastsetjing av tilleggsbidrag (før 01.01.2009)	Frå dato	4.6	<input type="checkbox"/> Endring av underhaldsbidrag	Frå dato
	4.7	<input type="checkbox"/> Fritak for gebyr (fritak blir gitt dersom personinntekta er under 110 gonger fullt bidragsforskot)		4.8	<input type="checkbox"/> Innkrevjing av gjeldsrestanse	Kr Per dato
	4.9	<input type="checkbox"/> Innkrevjing av løpande underhaldsbidrag	Frå dato	4.10	Motteke underhaldsbidrag til no	Kr Per dato
	4.11	<input type="checkbox"/> Fastsetjing av særtilskot		4.12	<input type="checkbox"/> Innkrevjing av særtilskot	
	Er det delt bustad etter barnelova § 36 for barnet/barna?		Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Viss ja, lever kopi av avtalen om delt bustad for det barnet / dei barna avtalen gjeld	
Bur eller arbeider ein av partane i utlandet, og betaler skatt der?		Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Viss ja, gi opplysningar i felt 5		
Blir eitt eller fleire barn forsørgt av andre enn foreldra?		Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Viss ja, gi opplysningar i felt 5		

5 Andre opplysningar. Sjå rettleinga**6 Underskrift, stadfesting o.a.**

Dersom bidraget skal betalast gjennom NAV, oppgi kontonummer som du vil ha bidraget overført til		Kontonummer
Dersom bidraget skal overførast til ein bank i utlandet, oppgi namnet og adressa til banken eventuell bankkode	Namn, adresse og bankkode til utanlandsk bank	
Kva målform ønskjer du i svaret?	Bokmål <input type="checkbox"/>	Nynorsk <input type="checkbox"/>
Eg har lese orienteringa og rettleinga på side 1 og 2		
Dato og underskrift		

Til bruk for NAV til eventuell vurdering eller til merknader

For NAV	Motteke dato
---------	--------------

1 Personlege opplysningar

Etternamn og fornamn til den som gir opplysningane	Fødselsnummer (11 siffer)
Etternamn og fornamn til den andre parten	Fødselsnummer (11 siffer)

2 Samvere som den bidragspliktige har med bidragsbarnet/bidragsbarna

(Legg ved kopi dersom samveret er avgjort ved skriftleg avtale eller offentleg avgjersle)

Fornamn på barnet	Overnattar barnet hos den bidragspliktige?		Dersom ja, kor mange netter i gjennomsnitt pr. måned	Dersom nei, er det likevel eit samvere på gjennomsnittleg minst to dagar pr. måned?		Opplysningar om korleis samvereordninga er avgjort		
	Ja	Nei		Ja	Nei	Munnleg avtale	Skriftleg avtale	Offentleg avgjersle
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

3 Opplysningar om tilsynsordning for bidragsbarnet/bidragsbarna (skal berre svarast på av bidragsmottakaren)

Fornamn på barnet	<input type="checkbox"/> Ikkje tilsynsordning	<input type="checkbox"/> Skolefritidsordning (SFO)	<input type="checkbox"/> Anna tilsynsordning	Tilsynstid, timar per veke
Får du stønad til barnetilsyn for dette barnet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Faktiske tilsynsutgifter minus kostpengar (skal berre svarast på når du ikkje får stønad til barnetilsyn, må dok.)	Kroner per måned
Fornamn på barnet	<input type="checkbox"/> Ikkje tilsynsordning	<input type="checkbox"/> Skolefritidsordning (SFO)	<input type="checkbox"/> Anna tilsynsordning	Tilsynstid, timar per veke
Får du stønad til barnetilsyn for dette barnet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Faktiske tilsynsutgifter minus kostpengar (skal berre svarast på når du ikkje får stønad til barnetilsyn, må dok.)	Kroner per måned
Fornamn på barnet	<input type="checkbox"/> Ikkje tilsynsordning	<input type="checkbox"/> Skolefritidsordning (SFO)	<input type="checkbox"/> Anna tilsynsordning	Tilsynstid, timar per veke
Får du stønad til barnetilsyn for dette barnet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Faktiske tilsynsutgifter minus kostpengar (skal berre svarast på når du ikkje får stønad til barnetilsyn, må dok.)	Kroner per måned
Fornamn på barnet	<input type="checkbox"/> Ikkje tilsynsordning	<input type="checkbox"/> Skolefritidsordning (SFO)	<input type="checkbox"/> Anna tilsynsordning	Tilsynstid, timar per veke
Får du stønad til barnetilsyn for dette barnet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Faktiske tilsynsutgifter minus kostpengar (skal berre svarast på når du ikkje får stønad til barnetilsyn, må dok.)	Kroner per måned

4 Opplysningar om inntekt frå næringsverksemd

	Årstall
Utrekna personinntekt og sjukepengar som erstattar slik inntekt	Kr pr. år
Næringsinntekt	Kr pr. år
Underskott i inntektsåret	Kr pr. år
Framførbart underskott frå tidlegare år	Kr pr. år
Godtgjering for arbeid til deltakar i deltakarlikna selskap der det ikkje blir utrekna personinntekt	Kr pr. år
Når starta du opp med den næringsverksemda du driv no?	Dato eller årstall
Ver vennleg og gi ei vurdering av storleiken på den framtidige inntekta frå verksemda samanlikna med det året du har gitt opplysningar om	

5 Opplysningar om anna inntekt enn frå næringsverksemd

Lønnsinntekt (brutto lønn)		Kr pr. år
Påreknelig overtidsgodtgjering, eventuelle naturalytingar		Kr pr. år
Stønad frå folketrygda	Kva slag?	Kr pr. år
Pensjonar utanom folketrygda	Kva slag?	Kr pr. år
Aksjeutbytte		Kr pr. år
Renteinntekter		Kr pr. år
Leigeinntekter		Kr pr. år
Gevinst ved sal	Kva slag?	Kr pr. år
Andre inntektsopplysningar		Kr pr. år

6 Opplysningar om inntektsfrådrag

Renteutgifter		Kr pr. år
Tap ved sal	Kva slag?	Kr pr. år
Andre utgiftsopplysningar		Kr pr. år

7 Opplysningar om den eiga inntekta til bidragsbarnet/bidragsbarna (skal berre svarast på av bidragmottakaren)

Fornamn på barnet	Kva slag inntekt? Gi opp namnet til eventuell arbeidsgivar	Kr pr. år
Fornamn på barnet	Kva slag inntekt? Gi opp namnet til eventuell arbeidsgivar	Kr pr. år
Fornamn på barnet	Kva slag inntekt? Gi opp namnet til eventuell arbeidsgivar	Kr pr. år
Fornamn på barnet	Kva slag inntekt? Gi opp namnet til eventuell arbeidsgivar	Kr pr. år

8 Opplysningar ved søknad om ettergiving av bidragsgjeld (skal berre fyllast ut av den bidragspliktige)

Skatt (trekk, forskottsskatt)		Kvadratmeter				Kr pr. år
Buutgifter (husleige, fellesutgifter, kommunale avgifter, straum, brensel m.v.)		Kvadratmeter				Kr pr. år
Renter og avdrag på bustadlån		Kvadratmeter				Kr pr. år
Avbetalingskontraktar og anna gjeld enn bustadgjeld	Kreditor	Gjenstand	Terminbeløp kr	Terminar pr. år	Renter pr. år kr	
	Kreditor	Gjenstand	Terminbeløp kr	Terminar pr. år	Renter pr. år kr	
	Kreditor	Gjenstand	Terminbeløp kr	Terminar pr. år	Renter pr. år kr	
Formue (bankinnskott, verdipapir, bustad, hytte, bil, båt m.v.)	Type	Verdi kr	Type	Verdi kr		
	Type	Verdi kr	Type	Verdi kr		
	Type	Verdi kr	Type	Verdi kr		
Andre utgiftsopplysningar. Her gir du også opp kor stor på bustadgjeld og anna gjeld du har						

9 Underskrift og stadfesting av at orienteringa på søknadsblanketten er lesen

Dato og underskrift

Vedlegg ved krav om barnebidrag og bidragsforskot

Punktet om inntekt gjeld både ved krav om barnebidrag og bidragsforskot. Dei andre punkta gjeld berre ved krav om barnebidrag.

Dokumentasjon ved alle krav kan vere:

- Inntektsopplysningar frå både bidragsmottakaren og den bidragspliktige
- Alle bør levere kopi av den siste skatteavrekninga (eventuelt sjølvmeldinga), slik at NAV ser kva typar inntekter dei har. Her kjem òg kapitalutgifter fram. Næringsdrivande som berre har inntekt frå næringa, treng som regel ikkje levere nokon annan inntektsdokumentasjon, men det kan vere aktuelt med skatteavrekning for meir enn eitt år ved varierende inntekter.
 - Lønsmottakarar leverer lønsslippar som viser lønna for minst dei tre siste månadene.
 - Tidleg i året kan lønns- og trekkoppgåva for førre år erstatte lønsslippen.
 - Pensjonsinntekt som ikkje er betalt gjennom NAV, må dokumenterast.
 - Dersom vedkommande lever på sosialhjelp, må det dokumenterast.
 - Det må undersøkjast om barnet har inntekt ut over 30 gonger fullt bidragsforskot. Høgare inntekt må dokumenterast.
 - Sjå første punkt. Det er berre nødvendig å dokumentere kapitalutgifter dersom kapitalinntekta overstig 10 000 kroner per år.

Samværsavtale/samværsavgjerd

- Dersom det er samvær, men det ikkje er inngått nokon avtale og det heller ikkje finst noka offentleg avgjerd, må kvar av partane opplyse om storleiken av samværet, til dømes i feltet for det i tilleggsblanketten til kravblanketten.

Avtale om delt buplass

- Det gjeld berre der partane har inngått ein avtale etter barnelova § 36.

Tilsynsutgifter

- Oppgi omfanget av tilsynet (maksimalt timetal per veke).
- Utgiftene må dokumenterast.

Tillegg ved søknad om 18 årsbidrag

Stadfesting på vidaregåande skulegang og/eller lærlingkontrakt

- Dersom barnet har lærlingkontrakt, må det ikkje berre dokumenterast opplysningar om noverande inntekt, men òg opplysningar om forventa auke etter 6, 12 og 18 månaders læretid.
- Utanom dokumenterte opplysningar om inntekta til barnet og den av foreldra som er bidragspliktig, må ein dokumentere opplysningar om inntekta til den andre forelderen.

Tillegg ved søknad om særtilskot

Dokumentasjon på utgifter og eventuell dokumentasjon om at utgiftene er nødvendige

Tillegg for den bidragspliktige

Stadfesting på allereie betalt bidrag